

Vedtekter - IKT Nordhordland

Vedtatt xx.xx.2018

§ 1 Parter og heimel

Desse vedtektene er fastsett i medhald av kommunelova § 27.

IKT Nordhordland er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane:

Osterøy	(Org nr. 864 338 712)	Radøy	(Org nr. 954 748 634)
Lindås	(Org nr. 935 084 733)	Austrheim	(Org nr. 948 350 823)
Modalen	(Org nr. 964 969 302)	Fedje	(Org nr. 944 041 036)
Vaksdal	(Org nr. 961 821 967)	Masfjorden	(Org nr. 945 627 913)
Meland	(Org nr. 951 549 770)		

Frå 01.01.20 overtar Alver kommune eigardelane, rettane og pliktane til Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune som ein deltakar i samarbeidet.

§ 2 Rettsleg status

IKT Nordhordland er ikkje eige rettssubjekt.

§ 3 Kontorkommune

Osterøy kommune er kontorkommune for samarbeidet.

§ 4 Formål

Samarbeidet skal ivareta samarbeidskommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftstøtte, service, informasjonssikkerheit, samt utvikling, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester.

§ 5 Innskot, eigardel og innbyrdes ansvar mellom samarbeidskommunane

Samarbeidskommunane har ikkje forplikting om innskot til IKT Nordhordland. Det må føreliggja bindande vedtak frå alle samarbeidskommunar dersom samarbeidskommunane skal vera forplikta til å gjera innskot.

Eigardelane i samarbeidet er fastsett i forhold til innbyggartalet i dei deltakande kommunar.

Eigardelen vert justert årleg i forhold til endring i folketalet i samarbeidskommunane, basert på SSB sin statistikk på innbyggartal per 31. desember.

Eigardelane på avtaletidspunktet for gjeldande vedtekter (baserer seg på folketalet pr. 31.12.16):

- Austrheim kommune 2884 innbyggjarar som gir ein eigardel på 6,2%
- Fedje kommune 587 innbyggjarar som gir ein eigardel på 1,3%
- Lindås kommune 15730 innbyggjarar som gir ein eigardel på 33,8%
- Masfjorden kommune 1710 innbyggjarar som gir ein eigardel på 3,7%
- Meland kommune 8021 innbyggjarar som gir ein eigardel på 17,2%
- Modalen kommune 383 innbyggjarar som gir ein eigardel på 0,8%
- Osterøy kommune 8026 innbyggjarar som gir ein eigardel på 17,2%
- Radøy kommune 5128 innbyggjarar som gir ein eigardel på 11,0%
- Vaksdal kommune 4123 innbyggjarar som gir ein eigardel på 8,8%

§ 6 Ansvar

Samarbeidskommunane heftar med heile sin formue for sin pro rata eigardel av samarbeidet sine samla forpliktingar.

Dersom ein samarbeidskommune ikkje gjer opp sine forpliktingar i samsvar til sin pro rata eigardel, og dei andre samarbeidskommunane gjer opp slike økonomiske forpliktingar på vegne av ein annan deltakar i samarbeidet, har dei eller den samarbeidskommunen som har gjort opp den økonomiske plikta rett til å krevja tilsvarende beløp tilbakebetalt frå den ansvarlege samarbeidskommunen gjennom eit regresskrav, med tillegg av renter.

§ 7 Organisering av samarbeidet

Samarbeidet er organisert gjennom tre organ; representantskap, styre og dagleg leiar.

§ 8 Representantskapet og styret

Det høgaste organet er representantskapet. Representantskapet skal bestå av rådmenn i dei samarbeidande kommunane.

Representantskapet vel eit styre som består av fem rådmenn og tre varamedlem i rekkefølge frå representantskapet.

Representantskapet vel leiar og nestleiar i styret. Styret vert valt for to år om gongen.

Rådmann i kontorkommunen og rådmann i Lindås (rådmann i Alver kommune frå 01.01.2020) har fast plass i styret.

Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret.

§ 9 Representantskapet og styret sine oppgåver

Representantskapet har ansvar for:

- mål og strategi for drifta
- budsjett, årsplanar og investeringar
- status budsjett og tenesteleveransar
- årsrapport

Styret har ansvar for:

- oppfølging av mål og strategi

- oppfølging av IKT Nordhordland og dagleg leiar
- oppfølging av vedtak som ligg innanfor rammer av budsjett og investeringsrammer
- å representera samarbeidet utad
- å rapportera til representantskapet på budsjett og tenesteleveransar
- å delegera fullmakter og ansvar til dagleg leiar
- at det vert inngått ein tenesteleveranseavtale (TLA) mellom IKT Nordhordland og den enkelte kommune.

Styret har signaturrett på vegne av samarbeidet.

§ 10 Representantskapet og styret sine møte

Representantskapet skal møtast minimum to gongar årleg. Leiar for styret står ansvarleg for innkalling til møte i representantskapet og leiar møtet.

Samarbeidskommunane har ei stemme kvar i representantskapet. Vedtak i representantskapet krev 2/3 fleirtal.

Leiar kallar inn til styremøte så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når minst eitt medlem krev det, likevel slik at det vert halde minst fire styremøte i løpet av året.

Innkalling til styremøte skal skje skriftleg til kvart styremedlem minst 10 dagar før møtedato. Leiar sørger for at det blir ført protokoll frå møtet, og at protokollen vert godkjend av styret. Protokollen skal sendast til styret og representantskapet etter slutført møte.

Representantskapet og styret kan gjera vedtak når minst to tredeler av medlemmene er til stades.

Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telja likt, ei stemme pr. styremedlem. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.

§ 11 Dagleg leiar

Samarbeidet skal ha ein dagleg leiar.

Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg leiing av samarbeidet og skal følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

§ 12 Samarbeidets budsjett, rekneskap og revisjon

Samarbeidet skal nytta same budsjett- og rekneskapsår samt økonomiplan som kommunane. Dei gjeldande føresegner for kommunale budsjett og rekneskap gjeld også for samarbeidet.

Representantskapet vedtar gjeldande prinsipp for kostnadsdeling mellom samarbeidande kommunar.

§ 13 Låneopptak

IKT Nordhordland kan ikkje ta opp lån.

§ 14 Endring av vedtektene

Kommunestyret i alle samarbeidskommunane skal vedta endringar i vedtektene. Vedtaka skal vera likelydande i alle samarbeidskommunane.

§ 15 Opptak av nye samarbeidskommunar

Kommunestyret i alle samarbeidskommunane skal godkjenna opptak av nye samarbeidskommunar.

§ 16 Tre ut, oppløysning

Etter vedtak i kommunestyret kan ein samarbeidskommune tre ut av samarbeidet ved skriftleg varsel til styret. Styret har i slike tilfelle ansvar for å kalla inn til møte i representantskapet der saka vert lagt fram for handsaming.

Ein samarbeidskommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Uttreden kan tidlegast finna stad to år etter at skriftleg varsel om oppseiing er sendt, og setjast i verk frå det påfølgjande årsskifte. Dette kan avvikast etter avtale mellom kommunen det gjeld og representantskapet.

Utløysingssum vert fastsett etter reglane i kommunelova § 27 nr. 3.

Oppløysing av samarbeidet kan berre skje dersom samarbeidskommunane er einige om det. Ved oppløysing skal samla pliktar, ansvar og verdiar i IKT Nordhordland delast på deltakarkommunane etter gjeldande eigardel på oppløysingstidspunktet.

Ved uttreden eller oppløysing, er verksemda pliktig til å levera tenester i oppseiingsperioden i samsvar med Tenesteavtalene/SLA. Verksemda er pliktig til å bidra til å gjera overgangen så effektiv og rasjonell som mogeleg.

§ 17 Tvisteløysing

Tvist om forståing av avtalen skal avgjerast av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer oppnemnt av fylkesmannen.

§ 18 Øvrig

Vedtektene skal signerast av samarbeidskommunane.

Dato: xx.xx.2018

Ordfører i Austrheim

Ordfører i Fedje

Ordfører i Lindås

Per Lerøy

Stian Herøy

Astrid Aarhus Byrknes

Ordfører i Masfjorden

Ordfører i Meland

Ordfører i Modalen

Karstein Totland

Øyvind Oddekalv

Tom Kristian Thorsen

Ordfører i Osterøy

Ordfører i Radøy

Ordfører i Vaksdal

Jarle Skeidsvoll

Jon Askeland

Eirik Haga

